

Fylkesmannen i Vestland

fmvlpost@fylkesmannen.no

fmhoHro@fylkesmannen.no

Knarvik, 4. mars 2019

Region Nordhordland - prioritering av prosjektskjøn 2019

Me viser til skriv frå Fylkesmannen til kommunane datert 19. november 2018 om prosjektskjøn og om krav og retningslinjer for søknadane. Fylkesmannen ønskjer at Regionråda skal ha ein koordinerande og prioriterande rolle i samband med søknad om skjønnsmidlar, og vil prioritera å støtte interkommunale samarbeidsprosjekt, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gje betre læringseffekt.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har koordinert arbeidet med søknadar i regionen, Regionrådet og Rådmannsutvalet har slutta seg til prioriteringa, og det vert sendt inn 10 konkrete søknader til Fylkesmannen frå våre kommunar. Regionrådet synest at kommunane / regionen samla sett søker om nøkterne og gode prosjekt som er viktige for utvikling, fornying og læring i regionen.

Generelt sett synest me det er vanskeleg å setja søknadane opp i mot kvarandre og setja prioritært rekkefylgje. Me har derfor stor tillit til at Fylkesmannen også ser prioriteringane i forhold fordeling på dei ulike særlege prioriterte områda og i høve faginndelinga.

Vedlagt fylgjer prioriteringsliste med oversikt. Den enkelte søknad er lagt inn gjennom søknadsskjema på heimesida til fylkesmannen slik det er bedt om.

Med venleg helsing



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg: 2019 Skjønsmidlar- prioritering Region Nordhordland